

**ETNE KOMMUNE**  
**SAKSUTGREIING**

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Delegert Forvaltning	27.06.2013	216/13	LAY

Sakshandsamar: Lars Idar Yrke	Arkiv: GNR-149/004, N-585	Arkivsaknr: 2013000708
----------------------------------	------------------------------	---------------------------

**D-149/004 PAWEL BLASZKIEWICZ - DELINGSSAK - LØYVE**

Grunneigar: **PAWEL BLASZKIEWICZ**

Kjøpar: **PAWEL BLASZKIEWICZ**

Parsellen som ligg i eit LNF-område skal nyttast til bustad.

Fagansvarleg landbruk har gjeve samtykke til frådelinga med heimel i Jordlova i Del. sak 279/11.

*VEDTAK i sak 279/11:*

*Kommunen stettar etter § 12 i jordlova søknaden frå Pawel Blazkiewicz om dele i frå ein parsell på om lag 1 dekar frå gnr. 149 bnr. 4 som omsøkt.*

*Vedtaket er berre gyldig om det også blir gitt løyve til frådeling etter plan- og bygningslova.*

*Vedtaket er gyldig i 3 år.*

I søknaden om deling som nå ligg føre, er det ført opp eit areal på ca. 2 dekar.

Det vert lagt til grunn at dette er ein skrivefeil og at rett areal er ca. 1 dekar og i samsvar med løyvet gitt i sak 279/11 og søknaden som låg føre i dispensasjonsaka, jf. NA sak 083/09.

Statens Vegvesen i Hordaland har på vilkår gjeve samtykke til utvida bruk av eksisterande avkjørsle (jf. løyve dagsett 21.05-2013).

Søkjar har ikkje lagt ved erklæring om at parsellen har vegrett fram til godkjent avkjørsle. Før parsellen kan delast i frå må den sikrast vegrett.

Vassforsyning frå: privat borehol skal etablerast.

Naboeigedomane som sist blei delt i frå dette bruket, måtte reingjera vatne for å få brukbart drikkevatten.

Kloakken skal knytast til privat enkeltanlegg.

Det ligg ikkje føre utsleppsløyve.

Det kan ikkje påreknast fleire løyver til utslepp i bekken, som føre til den offentlege stranda ved sjøen. Det må derfor etableras ei felles avlaupsløysning, som føre til at avlaupsvatne frå denne frådelte eigedommen og Gnr 149 Bnr 42, Bnr 43 og Bnr 44 vert ført til eigna område.

**VEDTAK:**

Med heimel i § 20-1m) i plan- og bygningslova vert det med vilkår gjeve løyve til å dela i frå ein parsell på ca. 1 da frå gnr 149 bnr 4. Parsellen skal nyttast til bustad.


Det må leggjast fram erklæring som syner at tomta har vegrett fram til godkjent avkjørsle. Erklæringa må ha slik form at ho eventuelt kan tinglysast.

Det må ligga føre utsleppsløyve før det kan byggast bustad på tomta, jf. merknadar om utslepp til bekk.

*Vedtaket er gyldig i 3 år frå vedtaksdato.*

*Klagefristen på vedtaket er 3 veker og tiltak må ikkje setjast i gang før.*

**Heimel:** Avgjort med heimel i gjeldande delegasjonsreglement for Etne kommune.



Lars Idar Yrke

Rådgjevar byggesak

**Kopi av vedtaket til:** Grunneigar, oppmålingsansvarleg, landbrukskontor, (mappe og kopiperm), møtebokperm

Gebyrkrav på kr 9100,- (4900,-dispensasjon + kr. 4200,- frådelling).